

Utdanningsdirektoratet
Bente Heian

Dykkar ref.

Vår ref.
17/499-22/AMG

Dato
12.11.2018

Fyrsteutkast til læreplanar i norsk – særskild tilbakemelding frå Språkrådet

Vi viser til e-postar frå Utdanningsdirektoratet 2. og 18. oktober 2018, der de bed Språkrådet om å kome med ei særskild tilbakemelding på fyrsteutkasta til nye læreplanar i norsk og norsk fordjuping. Tilbakemeldinga vår følgjer under.

Utkastet til læreplan i norsk:

1. Hvilket generelt inntrykk har du/dere av utkastet?

Utkastet legg opp til sterkare vektlegging av kunnskap om metaspråk. Språkrådet stør endringa. Vi meiner likevel at utkastet har klare manglar. Det uttalte målet med læreplanfornyninga er djuplæring, men det er vanskeleg å sjå korleis elevane skal få djupkunnskap om norsk språk med så lite vektlegging av norsk språkhistorie og norske dialektar. Vi ser heller ikkje at utkastet inneber eit løft for nynorskens situasjon i opplæringa, slik det er fastlagt i mellom anna [Jeløyeklæringa](#) og i [St.meld. nr. 23 \(2007–2008\) Språk bygger broer](#). Vi vil særleg presisere at dei føreslegne endringane i vurderingsordninga ikkje bør skje utan at ein samstundes syter for at nynorsk blir styrkt på ein tydelegare måte.

2. Har du/dere noen kommentarer til det som står under «Om faget»?

I fleire punkt nedanfor etterlyser vi større vekt på språkhistorisk kunnskap. Den same innvendinga har vi til denne delen. Vi føreslår ei justering av denne setninga: «Å lære faget norsk handler om å forstå og studere språket i bruk». Vårt framlegg er: «Å lære faget norsk handler om å studere språket i bruk og kjenne bakgrunnen for det».

3. Er det god sammenheng mellom det som står i «Om faget» og kompetansemålene?

For språkdelen av faget er «dannelse» i liten grad reflektert i kompetansemåla. Dersom faget skal kunne seiast å vere dannande, bør ein vente ei større vektlegging av djupkunnskap om norsk språk, særleg det historiske perspektivet.

4. Antall kompetansemål er redusert, men er det det blitt mindre stofftrengsel i faget? Er det noe som eventuelt kan tas ut av planen?



Fleire av læringsmåla legg vekt på presentasjon av eige fag, anten det er munnleg eller skriftleg. Det er viktig å kunne formidle, men vi meiner nokre av desse læringsmåla kan slåast saman. Slik det står no, får formidlinga for stor plass i forhold til språkfagleg kunnskap.

5. Er ambisjonsnivået for 10. trinn og progresjonen til videregående nivå justert på en god måte? Hvordan kan dette eventuelt forbedres?

Fram til 10. trinn er det lagt ein god del vekt på grunnleggjande skrivning og kunnskap om metaspråk. Når det gjeld kunnskap om norsk språk elles, er det i stor grad avgrensa til «utforske»- og «samtale»-kompetansemål. Språkrådet etterlyser sterkare vektlegging av handfast kunnskap om norsk språk og språksituasjon tidlegare enn vidaregåande skule, særleg etter 10. trinn.

6. Utkastet legger opp til å gjøre elevene mer studieforberedte etter Vg3. Er ambisjonsnivået for Vg2/Vg3 realistisk og hensiktsmessig for alle elever?

Når det gjeld kunnskap om norsk språk, er ambisjonsnivået snarare for lågt enn for høgt. Som vi tidlegare har vore inne på, blir det lagt stor vekt på presentasjon av fagleg innsikt. Men når det gjeld sjølve det språkfaglege innhaldet, burde læringsmåla ha ambisjonar om større innsikt i norsk språk og den norske språksituasjonen, slik at elevane faktisk får den naudsynte faglege innsikta å presentere. Særleg på det høgste nivået bør språkhistorisk djupkunnskap oppprioriterast.

7. Teksttyper er endret til språkhandlinger som kan utføres både skriftlig og muntlig. Hvordan fungerer dette i planen?

8. Sjanger er innført på nytt i skriveopplæringa, og på Vgs blir noen spesifikke sjangere nevnt. Hvordan fungerer dette?

9. På Vg2 og Vg3 legger kompetansemålene relativt detaljerte føringer for komparativ lesing av tekster. Hvordan fungerer dette?

10. Ca 25% av målene på Vg2 YF skal yrkesrettes. Bidrar de yrkesfagspesifikke målene på Vg2 YF til god yrkesretting av faget?

11. Er det hensiktsmessig å slå sammen målene på Vg2 og Vg3 for å gi bedre fleksibilitet og mulighet for fordypning?

Språkrådet har ikkje innvendingar mot denne løysinga.

12. Hvordan fungerer tekstene om vurdering på de ulike hovedtrinnene?

13. For å gi bedre muligheter til fordypning og vurdering for læring, foreslår læreplangruppa å redusere antall karakterer i underveisvurderingen. Har du/dere kommentarer til dette?

Språkrådet meiner dette framlegget ikkje har eit naudsynt kunnskapsbasert fundament, og at det ikkje er i tråd med statlege føringar om å styrkje nynorsk i opplæringa, slik det er fastlagt i Jeløyerklaringa og i St.meld. nr. 23 (2007-2008) *Språk bygger broer*. Utkastet tek ikkje innover seg at styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk er svært ujamnt, og at elevar med nynorsk som hovudmål kan ha andre behov enn bokmåselevar. Utan at nynorsk i større grad blir styrkt i læreplanutkastet, kan ikkje denne samanslåinga gjennomførast. Ei slik styrking må innebere: 1) at det blir lagt inn

føringar om at nynorsk og bokmål skal vektast likt i den skriftlege karakteren i undervegsvurderinga, og 2) at læreplanen i større grad reflekterer at opplærings situasjonen for elevar med høvesvis nynorsk og bokmål som hovudmål er svært ulik.

14. I læreplanutkastet er det felles kompetansemål for hovedmål og sidemål fra og med 10. årstrinn slik det også er i gjeldende læreplan i norsk. Hadde det vært ønskelig med adskilte mål for elevenes skrivekompetanse i hovedmål og sidemål?

Nei. Elevane treng like god kompetanse i begge målformer for å oppfylle krava til nynorsk som blir sette i arbeidslivet. Nynorskkompetansen er for svak i dag. Ein reduksjon av krava til sidemål vil ikkje ha noko å seie for dei som har nynorsk som hovudmål, for dei er i praksis like gode i sidemålet sitt. Ein reduksjon vil derimot svekke nynorskkunnskapane hjå dei med nynorsk som sidemål og dermed ikkje vere i tråd med norsk språkpolitikk

15. Har du/dere andre kommentarer til førsteutkastet?

1) *Overflatiske kunnskapsmål om norsk språk og språkhistorie:*

Læringsmåla som gjeld norsk språk og språkhistorie, gjev etter vårt syn ikkje eit dekkjande bilete av norsk språk og den norske språksituasjonen. Vi vil til dømes trekkje fram at ordet «dialekt» ikkje er nemnt i læreplanutkastet i det heile. I tillegg er kunnskap om norsk språkhistorie i svært liten grad dekt i utkastet. Kunnskap om språkhistorie er viktig for å forstå kva rolle språk har spela i utviklinga av det norske samfunnet, kva rolle det spelar i det norske samfunnet i dag, og for å forstå språket som system (eitt av kjerneelementa). Læreplanutkastet treng tydelegare språkfaglege kompetansemål.

2) *Andre nordiske språk:*

Kunnskapsmål som gjeld andre nordiske språk, kjem fyrst på Vg2 og Vg3. Kunnskapsmåla bør kome tidlegare i skuleløpet. Ein viktig grunn er at elevar som vel yrkesfag, elles ikkje vil få kjennskap til andre nordiske språk i det heile tatt. Dette er ikkje i tråd med måla i [den nordiske språkdeklarasjonen](#) (2006). Språkdeklarasjonen slår fast at det er eit politisk mål å styrkje nabospråkundervisninga i skulen.

3) *Små språk med tradisjon i Noreg:*

Fleire av læreplanmåla handlar om «språkleg mangfald», men dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romaner er ikkje nemnde i det heile. Det same gjeld norsk teiknspråk. Desse språka har ei særskilt historie i Noreg, og Noreg som stat har eit særskilt folkerettsleg ansvar for dei nasjonale minoritetsspråka, jf. [Europarådets minoritetsspråkpakt](#).

I samband med etterlysinga av kompetansemål som gjeld dei små språka, vil vi peike på denne formuleringa i verdigrunnlaget: «I norskfaget står kulturelt og språkleg mangfald i et spenningsforhold til nasjonal kulturarv». Språkrådet er svært kritisk til denne formuleringa. Vi vil gjenta tilbakemeldinga vi gav på ei liknande formulering i brev til Utdanningsdirektoratet dagsett 10. november 2017 i samband med høyringsrunden for kjerneelementa: «Vi forstår ikke helt hva som er ment med dette. Rent språklig utmerker Norge seg som et land som tillater stor språklig variasjon, f.eks. gjennom utstrakt dialektbruk i det offentlige rom, så vi ser ikke helt at det er noe spenningsforhold mellom det «tradisjonelt norske» og det nye her.» Tvert imot er det slik at også den tradisjonelle nasjonale kulturarven inneheld eit språkleg mangfald, og at det her er klare linjer mellom samtid og fortid.

Utkastet til læreplan i norsk fordjuping:

1. Hvilket generelt inntrykk har du/dere av utkastet?

Det er vanskeleg for Språkrådet å sjå kva lærdom elevane skal hente ut av faget som dei ikkje får gjennom det ordinære norskfaget. For oss framstår faget snarare som ein snevrare versjon av norskfaget.

2. Har du/dere noen kommentarer til det som står under «Om faget»?

3. Er det god sammenheng mellom det som står i «Om faget» og kompetansemålene?

4. Er ambisjonsnivå og omfang av kompetansemål overkommelig ut fra timetallet i faget?

5. Er det noe vesentlig som mangler i kompetansemålene? / Kan noen mål sløyfes?

6. Hvordan fungerer teksten om vurdering?

7. Utkastet legger opp til at læreplanen beholder sin profil som et fag som legger til rette for faglig fordypning og bidrar til videreutvikling av av språklig og kulturell kompetanse i norsk. Er det hensiktsmessig å videreføre denne profilen?

8. Har du/dere andre kommentarer til førsteutkastet?

Norsk fordjuping har ikkje den same same kulturpolitiske og språkpolitiske funksjonen som det ordinære norskfaget. Språkrådet har difor mindre grunnlag for å vurdere korleis faget bør innrettast.

Venleg helsing

Åse Wetås
direktør

Margrethe Kvaernes
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.